

Høyringsuttale om omdanninga av Norsk språkråd. Frå Det Norske Teatret

Det Norske Teatret har sidan skipinga i 1913 vore ein av dei leiande institusjonane i landet for utvikling av eit nynorsk talespråk.

Det særleine ved nynorsktalen er at han er samnemnar og ikkje kan normerast ut frå sosiale og geografiske kriterium. Nynorsk normaltale blir derfor, ut frå sitt opphav, prega av mange ulike språktonar. For at dette fullt ut kan verdsetjast krev det at samfunnet rundt teatret set pris på språkleg mangfald.

Nynorsk som naturleg bruksmål, også i kunstnarleg samanheng, er avhengig av at det finst ei open haldning til vår jamstelte tospråkssituasjon, med ei mindre brukt og ei meir brukt offisiell språkform.

Det Norske Teatret som nasjonal institusjon er plassert mellom store, riksdekkande forlags- og avishus der denne opne haldninga ofte er mangelvare.

I arbeidet for å styrke norsk språk er det avgjerande viktig at Norsk språkråd prøver å påverke språkhaldningar i viktige skriftkulturinstitusjonar som fører til språkleg diskriminering og utestenging.

I diskusjonen om sidemålsundervisninga blir det ofte peika på at ein ikkje vil få bruk for nynorsk seinare i livet. Diskriminering av nynorsken i viktige språkformingsinstitusjonar er med på å bygge opp under ein slik argumentasjon.

Det Norske Teatret har gjennom si repertoarplanlegging lagt vekt på ei blanding av moderne dramatik og breie folkelege underhaldningsstykke og musikalar, blant anna for å gi nynorsken fleire bein å stå på. Dette har ført til at det etter kvart er blitt "naturleg" å gå i nynorskteatret. Ei statusendring for nynorsken kan fort rive ned dette sjølvsgde.

For det nynorske scenemålet er det ein fordel at det ikkje skjer for store endringar i nynorsknormalen. Teatret har tradisjonelt lagt seg midt i laget i normeringsspørsmål og det har vore viktig å følgje sterke forfattarrøyster og omsetjarar. Spørsmålet om trong eller brei læreboknormal vil i så måte ha mindre å seie for teatermålet.

Det Norske Teatret meiner det er viktig at Språkrådet kan stå samla i viktige utspel og ser derfor på oppdelinga i språkseksjonar som uheldig for den nye rolla Språkrådet skal spele som viktig haldningsskapar i språkspørsmål.

For Det Norske Teatret som hovudstadsteater og for nynorsk scenemål generelt er det òg viktig at bokmålet held døra open for dialektnære former.

Vi ønskjer lykke til i arbeidet.

Det Norske Teatret

v/Magnus Rindal (Styreleiar)

Ola E. Bø (Språkkonsulent)